

Brannvern

Levande lys, juledekorasjonar og borns leik med dei er dei vanlegaste årsakane til dødsbrannane. Vi nordmenn bruker omlag 17 000 000 levande lys i jula.

I tillegg til dødsbrannane toppar julemånaden statistikken når det gjeld forbrenningar og skålding. Her utgjør born den største gruppa skadde.

Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset, helst grovt, kast saltet over glørne i ovnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

Brannverntips

1. Skift batteri i røykvarslaren før julekvelden.
2. Test røykvarslaren ein gong kvar måned.
3. Forlat aldri rom med brennande lys.
4. Forlat aldri smultgryta når den står på komfyren.
5. Sjekk brannvernutstyr, som brannsløkkingsapparat og slange.

Melding om brann

skal skje til tlf.

110



Skodje kommune
ønskjer alle

God Jul

og

Godt Nytt År!

Ungdommens kulturmønstring – UKM

UKM Skodje 2011

Tid: Laurdag 29.01.11 kl. 17.00

Stad: Gomerhuset

Påmeldingsfrist: 23.01.11

Kva er UKM?

UKM er landets største kulturarrangement for ungdom.

Lokalmønstringane finn stad i kvar kommune i januar / februar.

UKM skal opne for flest mogleg sjangrar eller kulturuttrykk.

Innhald

Til mønstringa i Skodje i 2011 er det lagt opp til påmelding i tre kategoriar: Sceneinnslag, video og utstillingsgjenstandar.

Tips:

- Sceneinnslag: Song, musikk, teater, dans, stand-up.
- Video: Ulike filmar; kortfilmar, animasjonsfilmar.
- Utstilling: Foto, bildekunst, skulptur, kunsthandverk, husflid.

Aldersgrense

På lokalmønstringane kan deltakarane vere mellom 10 og 20 år. Når det gjeld deltakande grupper, må minst halvparten vere innanfor dette aldersspennet.

Lengde på innslag

For å kunne avvikle mønstringa på ein kveld, må vi setje ei maksimal tidsramme på 5 minutt for scene- og videoinnslaga.

Deltaking

Det er råd å delta med fleire innslag og i fleire sjangrar.

Deltakarane må høyre til i kommunen, anten ved å bu fast eller gå på skule her. I grupper må minst ein ha slik tilhøyrsløse. Grupper som er sett saman av deltakarar tilhøyrande i fleire kommunar, kan delta på fleire mønstringar.

Fylkesmønstring

Nokre av deltakarane får tilbod om å representere kommunen under fylkesmønstringa. Denne gongen skal mønstringa vere i Frænahallen 1.-3. april 2011.

Jury

Juryen har to oppgåver. Den eine er å gje kvar deltakar god tilbakemelding på innslaget. Den andre er å avgjere kven som skal få tilbod om å representere kommunen under fylkesmønstringa.

Påmelding

Påmelding skal skje på internett: www.ukm.no. Vend deg til ein kulturkontakt på skulane dersom du ikkje finn ut av påmeldinga.



Velkomen til nytt bibliotek i Gomerhuset!

Opningstider:

Måndag: kl. 12.00 – 16.00

Tysdag: kl. 12.00 – 19.00

Torsdag: kl. 12.00 – 19.00

Telefon: 70 24 41 91

Epost: biblioteket@skodje.kommune.no



BIBLIOTEKET

Ny lege i Skodje

Fastlege John Espen Gjøen har slutta og dr. Knut Egil Eik har frå 01.12.2010 teke over fastlegelista hans. Knut Egil Eik var turnuslege i Skodje hausten 2008, og har vore vikar for John Espen Gjøen sidan 15.02.2010.

Det er samstundes oppretta 100 nye listeplassar på lista til dr. Eik, og dr. Olav Mestad har også utvida lista si med 50 nye plassar frå 01.12.2010.

Juleope på Gartneriet og Fargeskrinet

29. november - 23. desember

Gartneriet

Måndag - fredag kl. 9-15.
Laurdag 11. og 18. des.: kl. 10-15.

Gartneriet har for sal:

- Julestjerner og andre planter
- Juledekorasjonar
- Mosekransar / hjarter / dørkransar
- Samanplantingar
- Dekorasjonsmateriell og mose

Tlf. 70 24 48 97.

Fargeskrinet

Mån.-fre.: kl. 8.30-15.30 (heile året)

Fargeskrinet har for sal:

Handlaga produkt som:

- Vevde bordløparar, gryteklutar, golvtepper o.s.v.
- Tennbrikettar: Kr 25,- pr. pose, kr 100,- for 5 posar
- Silkesjal
- Kort m/ konvolutt

Tlf. 70 24 48 93.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 11. mars. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 3. mars.

Opningstider i jula

Skodje helsesenter

Ekspedisjonstida i romjula (måndag 27., tysdag 28., onsdag 29. og torsdag 30. desember) er frå kl. 09.00 til kl. 14.00.

Julaftan og nyttårsaftan må ein vende seg til legevakta om ein treng hjelp.

Ved behov for øyeblikkeleg legehjelp utanom ekspedisjonstida, kontakt legevakta på tlf. 70 27 03 00. Der er alltid ein lege som har vakt. Eller om det hastar, ring 113.

Legevakta i Skodje, Stordal og Ørskog

Julaftan 24.12.: kl. 09.00 - 15.00

1. juledag 25.12.: kl. 14.00 - 20.00

2. juledag 26.12.: kl. 14.00 - 20.00

Måndag 27.12.: kl. 14.00 - 20.00

Tysdag 28.12.: kl. 14.00 - 20.00

Onsdag 29.12.: kl. 14.00 - 20.00

Torsdag 30.12.: kl. 14.00 - 20.00

Nyttårsaftan 31.12.: kl. 09.00 - 15.00

1. nyttårsdag 01.01.: kl. 14.00 - 20.00

Rådhuset

Ekspedisjonstida på rådhuset vil i romjula vere kl. 9.00 - 14.00. Jul- og nyttårsaftan stengt.

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar på rådhuset utanom ekspedisjonstidene.

Vi gjer merksam på at det kan vere redusert bemanning desse dagane.

Biblioteket

Siste opningsdag før jul: Tysdag 21. desember.

Første opningsdag etter jul: Måndag 3. januar.

Gomerhuset Café og Catering

Opningstider:

Kvardagar kl. 13.00 - 20.00

Laurdag kl. 13.00 - 17.00

Søndag kl. 13.00 - 18.00

(Med forbehold om endringer.)

Stengt 22. desember - 1. januar.

Fyrverkeri

Vi vil oppmode til varsemd ved bruk av fyrverkeri. Kvart år skjer det skade på menneske og eigedom på grunn av uvetting bruk. Dette må vi unngå!

Vi vil også oppmode til at ein berre brukar fyrverkeri på nyttårsaftan. Mellom anna er mange dyr veldig vare for høge og skarpe lydar, og er svært plagda av at det smell i rakettar over lang tid. Vis omsyn, og ha ein strålande nyttårsaftan!



Dette skjer

Juleshow v/ Skodje skulekorps

Søndag 12. desember kl. 17.00. Gomerhuset, kultursalen.

Månadstreff i Skodje pensjonistlag

Onsdag 15. desember kl. 17.00-21.00. Gomerhuset, kantina.

Handballkamp for jenter

Søndag 19. desember kl. 15.00. Gomerhuset, idrettshallen.

Julekonsert med Magne Fremmerlid

Søndag 19. desember kl. 20.00. Skodje kyrkje.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no